



Karoline - over til statsvitenskap

Imorgon tidleg klokka 8.15 stillar Karoline Neset frå Uskedalen opp til haustsemester i statsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Det betyr at det er slutt på sommarjobben som daglg leiar for Systrene Nilsen.

Det har vore ein knallsesong og 21-åringen har all grunn til å vera tilfreds med besøket dei 2 siste månadane. Sjølv har ho jobba 500 timar, men er likevel innstilt på å ta ei ny økt når behovet meldar seg.

Ho er da også strålende fornøgd framfor siste sundagsopning og fortel at det har vore fullt hus også den siste laurdagskvelden. Skaldyrkveldane har til dømes vore ein fulltreffar med 8 fulle hus. Også laurdagane har vertshuset vore fullt med unnatak av Festidalen-laurdagen. Gjestane har kome frå heile kommunen og dei unge har vore i majoritet. Uskedalen har vorte ein samlingsstad for Kvinnherad.

Systrene Nilsen har også vore ein betydeleg sommar-arbeidsplass. Karoline har 20 på lista si og 11 av dei har vore i jobb under skaldyrkveldane og 7 på laurdagane. Dei fleste som har jobba for Systrene Nilsen har vore skuleungdom frå kommunen, men det er eit unnatak og det er Thomas Asaac som bur i Herøysund med kone og 3 born.

Han er frå Eritrea, økonom av utdanning og jobba som kjøpmann i heimlandet før han flykta til Noreg og Herøysund med familien.

Systrene Nilsen stengar ikkje. På bestillingslista står fleire familiehøgtider og dei vil halda ope siste laurdagen i kvar måned. Kanskje blir det også oftare opning. i alle fall dei 2 siste laurdagane i august. Men då blir det utan Karoline, som no skal ta fatt på demokratiets problem.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Thomas Asaac frå Eritrea har jobba i Systrene Nilsen